

Handlingsplan lokaldemokrati 2018- 2020

Evaluering



Evaluering



Arbeidsgruppe: Reid Ivar B. Dahl (rapportansvarleg), Anne Reidun Garpestad
og Tone Storesætre

Innhold

Innleiing	3
1. Føringar	3
2. Vurderinger og utgreiinger	5
2.1 Evaluering av handlingsplan for lokaldemokrati 2018-2020 saman med folkevalde	5
2.2 Resultat frå KS sin lokaldemokratiundersøking 02.11.2021.....	6
3. Konklusjon	10

Innleiing

I arbeidet med Planstrategi 2019-2023 vart det avgjort at samfunnsdelen til kommuneplanen skulle reviderast i neste kommunestyreperiode. Gjeldande planstrategi viser også til at handlingsplan for lokaldemokratiet utgår som eigen plan. Som del av utgreiingsarbeidet i samband med revisjon av samfunnsdelen, skal det gjerast ei evaluering av Handlingsplan for lokaldemokratiet 2018-2020. Sentrale punkt frå evalueringa skal vidareførast i samfunnsdelen.

Planprogram for samfunnsdelen Kommuneplan for Time kommune 2022-2034 vart godtkjent i formannskapet 8. juni 2021. Her er også utgreiingane omtala.

1. Føringar

- a) Godkjent planprogram (sjå innleiing)
- b) Handlingsplan for lokaldemokratiet 2018-2020

Time kommune fekk i 2012 Europarådet si utmerking for godt lokaldemokrati etter Europarådet sine 12 prinsipp for innovasjon og godt lokalt styresett.

Handlingsplan for lokaldemokratiet 2018-2020 vart vedtatt av Time kommunestyre 18. september 2018. Handlingsplanen er laga ut frå svara i innbyggerundersøkinga i 2017, og etter ei sjølvevaluering gjort av politisk og administrativ leiing. Den første handlingsplanen vart laga i 2010, og sist revidert i 2018.

Valdeltaking er ein indikator for lokaldemokrati og samfunnsdeltaking. Ved stortingsvalet i 2021 var det over 80 % av dei stemmeberettiga i Time som avla stemme, og det var rekordmange som førehandsrøysta (5823 stk). Time ligg over snittet i Noreg.

I lokalvalet i 2019 var det deltakinga i Time ved kommunevalet 69,9 %, ein oppgang frå 2015 då talet var 63,8 %.

I innbyggerundersøkinga «Hvor godt er lokaldemokratiet» som KS gjennomførte i 2017, gav innbyggerane i Time mellom anna desse vurderingane:

Som regel kan en stole på løftene frå politikerne i kommunen:

- Passer godt: 62,3 %
- Passer dårleg: 30,5 %

Stort sett vet jeg nok om forholdene her i kommunen til å bruke stemmeseddelen på en fornuftig måte i kommunevalget:

- Passer godt: 71,3 %
- Passer dårleg: 26,1 %

Her i kommunen har innbyggere gode muligheter til å påvirke kommunale beslutninger som engasjerer dem:

- Passer godt: 59,6 %
- Passer dårleg: 35,3 %

Her i kommunen involverer politikerne innbyggerne i forsøk på å finne løsninger på lokale problemer:

- Passer godt: 47,3 %
- Passer dårleg: 47,1 %

c) Planstrategi 2019-2023

I arbeid med Planstrategi 2019-2023 vart det avgjort at handlingsplan for lokaldemokrati skal utgå som eigen plan. Handlingsplan for 2018-2020 skal evaluerast og viktige punkt skal tas med i revidert samfunnsdel.

d) Prioritering av FNs berekraftsmål i Time kommune

Regjeringa har bestemt at FNs berekraftsmål skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i hovudutfordringane også i Noreg.

Time kommunestyre godkjende i møte 16. februar 2021 «Prioritering av FNs berekraftsmål for Time kommune». Denne saka var ei oppfølging av Planstrategi 2019-2023 der følgjande oppdrag vart gitt:

«Det vil vera naturleg å arbeida vidare med å implementera berekraftmåla ved revisjon av samfunnsdelen. I dette arbeidet må ein vurdera kva for nokre av dei globale delmåla som er mest relevante for Time og kva moglegheiter kommunen har for å innfri delmåla.»

e) Nasjonale forventningar til kommunal planlegging 2019

Nasjonale forventningar har fire hovudområde:

1. Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
3. Berekraftig areal- og transportutvikling
4. Byar og tettstadar der det er godt å leva og bu

Regjeringa legg vekt på at det vert lagt til rette for at innbyggjarar, organisasjonar, frivillig sektor og næringslivet kan delta i planprosessane. Dette kan skje ved at planprosessane vert gjort tilgjengelege og forstålege, og ved at det vert lagt spesielt til rette for barn og unge og andre grupper som ikkje er i stand til å delta direkte.

2. Vurderingar og utgreiingar

2.1 Evaluering av handlingsplan for lokaldemokrati 2018-2020 saman med folkevalde

Administrasjonen inviterte inn formannskapet + gruppeleiarane i forkant av eit ordinært kommunestyremøte, 21.09.21, til evaluering av handlingsplan for lokaldemokrati 2018-2020. Følgjande deltok:

- Ingrid Fiskå, SV
- Beate Åsen, SV
- Sverre Risa, KRF
- Bjarte Solheim, V
- Ragnhild Dyngeland, SP
- Andreas Vollsund, H og ordførar
- Ole Jørgen Alstadsæter, H
- Petter Stabel, FRP

Følgjande spørsmål vart drøfta:

Spørsmål 1: Kva har kommunen lukkast godt med når det gjeld oppfølging av tiltak i handlingsplanen?

Innspel frå folkevalde:

- Bra at kommunestyremøta og utvalsmøta vert streama
- Kommunen har blitt flinke med overordna planar og å styra etter dei
- Involvering av ulike grupper før planprosessar – tidleg involvering
- Godt gjennomført val 2021
- Bra involvering i arbeidet med økonomiplanen, både administrasjon / politikk og ut mot innbyggerane
- Det er bra med streaming, men i utvalsmøta kan det bli litt for formelt. Det gjer det vanskelegare med frie diskusjonar i utvalsmøta

Spørsmål 2: Kva er dei viktigaste utfordringane framover?

Innspel frå folkevalde:

- Bygge tillit, innbyggerane må føla at dei vert høyrte
- Tillit mellom folkevalde, administrasjon og innbyggerar
- Digitalt kan vera til medverknad
- Prøva nye metodar for involvering og medverknad, f eks «opne mikrofon»
- Det er ei utfordring å nå dei som ikkje møte opp på f eks gruppemøte, folkemøte
- Rekruttera nye folkevalde for at fleire skal få høve til for å involvera
- Bruk av ulike sosiale mediar kan nå fleire innbyggerar
- Me må tenkja nytt for å nå nye grupper


Spørsmål 3: Kva er dei viktigaste innsatsområda som skal tas med inn i revidert samfunnsdel?

Innspel frå folkevalde:


- Medverknad: Engasjera fleire og nå nye grupper av innbyggerane
- Bygge tillit: grunnlaget for at innbyggerar trur at det er mogleg å påverka

2.2 Resultat frå KS sin lokaldemokratiundersøking 02.11.2021


Pålitelighet




Ansvarlighet



Borgernærhet



Effektivitet



Folkevalgte: Forholdet folkevalgte imellom

	Prosentandel enig
I denne kommunen behandler de folkevalgte hverandre med respekt	96
Her i kommunen er det dårlige relasjoner mellom flertallskonstellasjonen i kommunestyret og de øvrige partiene	19
Ordføreren er en ordfører for hele kommunestyret	81
I vårt kommunestyre er det gode politiske debatter	92
I denne kommunen er det store politiske uenigheter	73



Folkevalgte: Arbeidet som folkevalgt

	Prosentandel enig
Jeg synes min rolle som folkevalgt er klar	100
Det er lett for meg som folkevalgt å få satt en sak på dagsorden	88
Jeg føler jeg får gjort nytte for meg som folkevalgt	100
Alt i alt trives jeg godt med arbeidet som folkevalgt	96
Jeg synes godtgjørelsen som folkevalgt står i forhold til arbeidsinnsatsen	58
Vervet som folkevalgt er altfor tidkrevende	54
Jeg kan tenke meg å fortsette som folkevalgt i neste periode.	50



Folkevalgte: Forholdet til administrasjonen

	Prosentandel enig
Her i kommunen er det godt samarbeid mellom de folkevalgte og administrasjonen	92
Som folkevalgt får jeg den informasjonen jeg trenger fra administrasjonen	81
Det er lett å skaffe seg innsyn i den kommunale virksomheten	61
Administrasjonen iverksetter vedtak gjort i folkevalgte organer på en effektiv måte	92
Administrasjonen fanger opp politiske signaler fra folkevalgte organer	85
I sakene som legges fram for folkevalgte organer er det politiske handlingsrommet godt synliggjort	72



Folkevalgte: forholdet til innbyggerne

Som folkevalgt har jeg blitt utsatt for hatefulle ytringer, trusler eller andre ubehagelige henvendelser fra innbyggerne	Prosent
Passer svært dårlig	42
Passer ganske dårlig	23
Passer ganske godt	27
Passer svært godt	8



3. Konklusjon

Lokaldemokratiet i Time står sterkt og fleirtalet av innbyggjarane og folkevalde gir positive tilbakemeldingar i lokaldemokratiundersøkinga. Samstundes synar resultata at det er rom for forbetring. I formannskapet si evaluering av handlingsplanen for lokaldemokrati slo ein fast at det viktigaste å ta med vidare inn i samfunnsdelen var viktigheita av tillit og medverknad. At fleire og nye grupper vert engasjert og at innbyggjarane har gode moglegheiter til å påverka avgjersler.

Eit langsiktig mål for kommunen må derfor vera:

Flest mogleg deltek i lokaldemokratiet, opplev seg representert og høyrte på ulike arena og i saker som engasjerer dei.